

## Arne M. Sølvsberg og Øyvind Lyslo «Slåttar og tonestykkje av Anders Viken» (CD)

**Anders Viken** (1898-1977) frå Jølster var ein av dei største komponistane av slåttar og tonestykkje i folkemusikkstil i Noreg på 1900-talet. Mange av komposisjonane er framleis berre tilgjengeleg gjennom hans handskrivne notar. Ein del er utgjevne på trykte notar, men ikkje innspelt og tilgjengeleg for folk flest. Det er no på tide å spele denne musikken inn.

- *Eg er i dag høgst truleg den som aktivt dyrkar denne musikken mest, både i konsert- og undervisningssamanheng, og eg har også lært svært mykje av dette repertoaret direkte frå Arne Viken, sonen til komponisten, seier Arne M. Sølvsberg.*

**Anders Viken** var sjølv ein meister på både hardingfele og vanleg fiolin. Han voks opp med god folkemusikktradisjon i heimen, men han smaka og etter kvart på det klassiske fiolinspelet. I konsertreferat frå hans unge år er det framheva at han spelte meisterleg på begge feletypene.

- *Etter kvart fekk han laga seg ei såkalla «idealfele», ei hardingfele med ekstra lang hals som eigna seg godt for speling i høgare posisjonar, seier Sølvsberg.*

Han komponerte ei mengd krevjande slåttar og tonestykkje, over 500 i talet. Han gjekk langt ut over dei tradisjonelle slåttane sine rammer, og komposisjonane hans krev svært mykje av utøvaren. Etter oppmoding laga han ein del slåttar dei siste åra noko enklare, slik at spelemannslaga som vaks fram på den tida og kunne ha sjanse på å bruke dei.

Som nemnt er det svært mykje fin musikk av Anders Viken som berre er bevart på hans eigne noteoppteikningar, og som aldri hittil har vorte tekne i bruk. Ein del slåttar er utgjevne på plater med sonen Arne sitt ensemble, og det er også utgjevne ein CD med Anders Viken sine eigen soloinnspelningar frå NRK sitt arkiv. Jon Faulstad (trekkspel) og Per Sæmund Bjørkum (fiolin) har og gjort nokre fantastiske innspelningar av tonestykke og krevjande slåttar av Anders Viken.

- *Eg kan hugse at eg fekk høyre dei store meisterstykkja «Jølstrabrura», «Huldresølvvet» og «Brulandsvalsen» i Sigbjørn Bernhoft Osa sine innspelningar i radioen på 1960-talet, noko som var medverkande til min store glød for hardingfelespelet, minnest Arne.*

Sonen Arne Viken som sjølv var utdanna fiolinist og meistra godt faren sine komposisjonar, kom sørover frå Mo i Rana til Sogn og Fjordane ti år på rad (1970 – 80) og heldt kurs for Arne og andre interesserte spelemenn. Sølvsberg fekk med seg alle kursa, og vart saman med spelemannen Sigmund Eikås utnemnd til autoriserte instruktørar i Anders Viken sin musikk. I ettertid har det synt seg at det er Arne M. Sølvsberg som har dyrka denne musikken mest og som har vore nytta som instruktør.

Arne M. Sølvsberg har no gått gjennom Anders Viken si komplette notesamling av over 500 eigne komposisjonar. Noko av stoffet er meir av det «kvardagslege» slaget, men innimellom dukkar det opp nydelege perler som Arne aldri har høyrt nokon spele, og som vert ein viktig del av utvalet som skal spelast inn på denne plata.

- *Målet med CD-prosjektet er å heidre Anders Viken gjennom ei innspeling av dei ukjende komposisjonane hans, men sjølvstg blanda med nokon av dei meir kjende favorittane som eg ofte har brukt på konsertane mine.*

Arne M. Sølberg var programleiar på den store hundreårsmarkeringa for Anders Viken på Skei i 1998 og på Førdefestivalen same året. I tillegg til CD-planane har han også sysla med tanken om at ein kombinert konsertturné og kåseri om Anders Viken, noko som vil høve godt i mange miljø som td. pensjonistlag og folkemusikklag, eller på folkemusikkfestivalar. Innspelinga av CD-plata i framkant vil vere ein viktig del av dette.

- *Sidan Anders Viken berre nytta solo fele eller hardingfele når han komponerte, bør desse instrumenta framleis vere det sentrale i formidlinga. Men særleg runddansmelodiane innbyr til akkompagnement. Eg har i årevis hatt eit godt samarbeid med toppgitaristen Øyvind Lyslo. Vi gav ut fyrste plata saman i 1990 og vart nominerte til Spellemannprisen. Våren 2019 kom vi ut med vårt hittil ferskaste samspel på CD-en «Fjellmann». Ein duo er det ideelle med tanke på konsertturne, og det er og rekna som den ideelle gruppestorleiken for samspel reint musikalsk sett. Eg kan difor tenkje meg ein CD med blanding av solospel med meg (særleg dei typiske feleslåttane som springarane, ein halling, eit par av brureslåttane og gjerne eit par tonestykkje) og dei fleste elles som duo med fele/hardingfele og klassisk gitar, seier Arne.*

Det er førebels planlagt innspeling av 25 slåttar, der 15 aldri har vore innspelte eller utgjevne tidlegare. 7 av slåttane finst heller ikkje utgjevne på notar, men ligg berre handskrivne frå Anders Viken si eiga hand.

Arne har på sine to siste CD-innspelingar hatt eit svært godt samarbeid med Lærdal musikkproduksjon v/Tom Karlsrud.

- *Tom Karlsrud er ved sidan å vere ein topp musikar sjølv, også ein svært tolmodig produsent og lydteknikar, og han skapar alltid ein god opptakssituasjon i studio. Mange folkemusikarar har nytta han i opptakssamanheng dei siste åra. Han er interessert i å ta seg av både det tekniske og utgjeving av ein ny produksjon med Anders Viken sine komposisjonar, og då er prosjektet i dei beste hender. Mine to siste utgjevingar «Ny glød» (2015) og «Fjellmann» (2019) på hans forlag har fått svært rosande kritikkar.*

For å syne korleis samspelet med Arne M. Sølberg på hardingfele og Øyvind Lyslo på gitar artar seg, er det lagt ved ei lydfil frå Spellemannsnominerte «Syngande strenger».

- *Dette er rett nok ikkje ein komposisjon av Anders Viken, men eg var inspirert av nettopp hans stil då eg komponerte den. «Raftefvoldskruna» får også godt fram kvaliteten i hardingfelespelet mitt, i tillegg til at gitararrangementet til Øyvind Lyslo tydeleggjer dei «skjulte harmoniane» i bruremarsjen.*